

Den norske kyrkja



Jondal sokneråd

Referat etter soknerådsmøte nr 4/2024

Dato/tid: onsdag 28.august 2024, kl. 18

Stad: Jondal kyrkjelydskontor

Tilstades: Trygve B.Myrlid, Sveinung Toreid, Silje Margrete Fjærtøft, Ida Sofie Holmen og Eli G. Torsnes

Frå staben: Arne Opsahl-Engen

Forfall: Ingebjørg P Grøtt og Rannveig Hammer

Saksliste

25/2024	Godkjenning av saksliste og innkalling Saklista og innkalling vart samrøystes godkjent.
26/2024	Godkjenning av referat frå soknerådsmøte nr. 3, 28.05.2024 Soknerådet gjekk gjennom referatet. I sak 19/2024 mangla det informasjon om kva som var gjort. Trygve tek på seg og følgja opp denne saka. Sak 22/2024- Trygve overtok som leiar av Jondal Sokneråd 01.07.2024 medan Maria E Sørheim er i barselpermisjon. Sak 23/2024- Bård Kråkevik er tilsett som kyrkjetenar og kyrkjegardsarbeidar. Arne skal kontakta kyrkjevevja i Kvam om korleis dei organiserte "Open kyrkje" sommaren 2024. Referatet vart godkjent.

27/2024	Revidering av kyrkjevertliste og offerliste hausten 2024 Trygve har lagt til kolonner for tid og kyrkjekaffi på oversikta over kyrkjevertar 2024. Dette gjer lista meir informativ. Det vart bestemt at det vert kyrkjekaffi 20.oktober (Haust-takkefest) og 03.november (Helgemesse med minnedel) . Eli skaffar kyrkjevertar til dei datoane som manglar. Offerlista hausten 2024- På sist møte i soknerådet vart det bestemt at offeret 20.oktober skal gå til TV-aksjonen (Barnekreftforeningen) Endringa vert gjort på offerlista.
28/2024	Frå eventuelt i møte 03/24: Jubileumskonfirmantar, kva gjer me med dette? Soknerådet vart samde om å kontakta ein eller to personar pr årskull. (Jmfr lister som Trygve hadde skrive etter informasjon frå kyrkjekontoret) Desse vert utfordra på å skaffa kontaktinformasjon (postadresse og e-postadresse)på sine medkonfirmantar. Når soknerådet får inn denne informasjonen, vil det verta invitert til ei felles jubileumsgudsteneste. Dette vert truleg våren 2025. 1954-kullet : Trygve ansvarleg 1955-kullet : Silje Margrete ansvarleg 1956- kullet : Eli ansvarleg 1957-kullet : Sveinung ansvarleg 1958-kullet : Eli ansvarleg 1959-kullet : Trygve ansvarleg Trygve lagar til invitasjonsskriv.

29/2024

Eventuelt

Arne informerte om at han byrja i stillinga som prest i Jondal sokn 01.08.2024. Han ynskjer å jobba med endringar på fleire område

- Fornyng av gudstenesta
- Samarbeid med aktivitet i Herand bedehus
- Heimesida til Jondal kyrkje
- Kyrjekontoret (oppussing)
- Besøkstenesta
- Konfirmantarbeidet (samarbeid mellom sokna i Ullensvang og i Ulvik sokn)

Trygve informerte om at Steinar Smith har tatt på seg arbeidet med restaurera slitte kyrkjebenkar i kyrkja. Han tek ikkje betalt for arbeidet, men får dekka utgifter til materialar. Dette er avklara med kyrkjeverje O. Vestbøstad

Trygve tok opp emnet "Retningslinjer for Jondal sokneråd". Dette vert ei sak på neste soknerådsmøte. Saka skal omhandla kva instruks og kva ansvar Jondal sokneråd har. Både økonomi og innhald i gudstenesta samt kyrkjelydsarbeid i Jondal sokn vert aktuelle emne i denne saka. Sveinung peika på at alle offer til kyrkjelydsarbeidet går inn på same konto. Bør dette reviderast?

Soknerådet vedtok å kjøpa inn eit halvt klassesett med Norsk Salmebok til Jondal skule. Sveinung ordnar dette.

Blomehelsing til Maria E Sørheim i høve tvillingfødsel- Silje Margrete ordnar dette.

Emne for temakveldar i kyrkjelyden:

- Nett-vett
- Psykisk helse

Dette vert tatt opp på eit seinare møte.

Arne har fått ny e-postadr. : ao986@kyrkja.no

Møtet slutt kl 20.00

Referent Eli Galtung Torsnes
29.08.2024

